

LIV I VINJE

Bygdebrev nr 10

TIL ALLE HUSSTANDANE I VINJE SKULEKRINS 2015



I år har styret bestemt seg for at jolebrevet skal vera ei kavalkade av året som har gått med bilete som skildrar aktiviteten i Liv i Vinje. I tillegg vil du finne ei lita joleforteljing, samt informasjon om joletreffesten, vardebrenning og årsmøtet. Det er godt å sjå at det er mange i krinsen vår som er aktive og gjer at det er triveleg å bu her. Det er og etablert næringsverksemd i gamle skuledelen, samt at litteratursenteret ser ut til å ta form. Dette vert jobba vidare med i kommunen, noko me ser som svært positivt. Det er spanande ting på gang. Det er framleis plass til fleire i krinsen vår. Fortel andre om kvifor det er godt å bu her, så kanskje fleire får lyst til å koma hit.



LIVIVINJE 2015

LJOS PÅ STEKKJEN

Eit glimrande påfonn i eit uhorveleg ver, men til glede for dei av oss som såg det.



VARDEBRENNING

2. gong med Vardebrenning i Veggsfjellie Nyttårs-
eftan 2015. Veldig trivleg. Dette er i ferd med å bli
ein tradisjon.



PÅFONNDAGEN

Påfonn dagen har blive ein tradisjon palmesundag med skirenn, hopprenn og trimannskikonkuranse. Dette har blive ein oppfylgar av det som før var ViBø rennet. Mange stiller i fine kostymer. Gardsmatbui syter for sal av mat og drikke.





17. MAI

Dei to seiste åra har 17. mai starta med felles frukost på Vinjar der alle tek med litt mat kvar. Etterpå vert det aktivitetar ute før me går samla i tog til kyrkje med mykje song.

JONSOK

Jonsok er det grilling, bålbrenning, issalg og leiking ved U-en. Her er det god plass, uformelt og triveleg for store og små.

MÅNDAGSMIDDAG

Det er framleis godt oppmøte på måndagsmiddagane, så det er tydeleg at dette er noko folk set pris på. Her er det møteplass og god mat ein gong i veka for unge og gamle.

Styret vil få nytte høvet til å takke alle måndagsgruppene for den flotte innsatsen kvar og ein av dykk gjer for at me andre skal koma til ferdig middag kvar måndag. Tusen takk!

JOLEFORTELJING

EG LÆRDE Å GJE

Det hende for mange år sidan. Det var ein av desse kalde førjolsdagane som får folk til å ynskje dei hadde gjort alle sine innkaup i juli. Vinden jaga snøfnugga nedover gata og forbi ein ubarbera mann som sat samankrøkt på ein benk. han hadde på seg ei utslite jakke og hadde ikkje sokkar i dei tynne skoa. Som skjerf hadde han ein samankrølla papirpose ned i kragen for å halde den bitande kulda unna seg.

Ei dame som var ute og handla, stoppa opp. Ho syns synd på mannen. "Stakkers mann" tenkte ho, men det var ikkje noko ho kunne gjera. Ho nølte litt med å gå vidare, då ei lita jente på fem-seks år kom forbi og fekk sjå den forfrosne skikkelsen på benken. Rundt jentas hals var det knytt eit knallraudt ullskjerf. ho stansa ved sida av den gamle mannen, tok straks av seg skjerfet og tulla det forsiktig rundt halsen på han. Så spratt ho vidare og forsvann i mengda. Mannen strauk handa over den varme ulla, og dama gjekk tankefull vidare. Ho skulle ynskje det var ho som hadde gjeve skjerfet.

Det var eg som var ute og handla, og den dagen lærde eg noko. Uansett kvar eg er og kva eg eig, så har eg alltid noko eg kan gjeva bort- ein klem, eit smil, eit venleg ord, ei bøn, - og kanskje eit knallraudt skjerf. (Sue Mork Kidd)

JOLETREFEST 3. DAG JOL KL 17.00

Barn og ungdom underhold i år med både song, dans og teater. Dei har øvd i heile haust og me gler oss til å sjå kva dei har fått til. Elles vert det som før med at alle tek med kaffi og noko å bite, samt nissen kjem og så vert det gang rundt jolereet.



VARDEBRENNING NYTTÅRSEFTAN 2015

Me prøvar å få til Vardebrenning i Veggstfjellie i år som i fjor. Ber alle om å ta med litt tørr ved til varden/bålet. Oppmøte kl 15 ved Byrtevegskilje. Ta og med ski og hovudlykt. Oppfordrar til vardebrenning andre stadar i krinsen.

STYRET I LIVIVINJE 2015

Åsne Vesaas, Torunn Tvedt, Øystein Romtveit, Aslaug Kostveit, Åsne Midtun, Knut Eknes og Signe Bråstøyl. Dersom de har spørsmål, idear til aktivitet med meir, ta kontakt med ein av oss. Det vert årsmøte måndag 25. januar kl 17.30 rett etter måndagsmiddagen. Set av datoen no. Dersom du har lyst til å inn i styret eller veit om nokon, sei i frå i god tid før møtet.

Elles vil me takke alle som har bidrege med bilete og stoff til jolebrevet.



Styret ynskjer alle ei god jol
og eit godt nytt år

